



Gjennom denne skeia har Uskedalen følgt Ragnhild i 40 år.

**Frå Anja Strüter som ferierer i Sverige har vi fått ei koseleg melding om eit kjekt samantreff. Under opphaldet hos Ragnhild og Keith på Bjørkern i Dalsland, fann ho ei skei i mûslien med teksten Norge på, og inni skeia var det gravert USKEDAL. Denne skeia har nemleg ei historie tilbake til Uskedalen.**

Anja fortel at for 40 år sidan besøkte Ragnhild Torger Helgeland her i Uskedalen. Ho hadde gått på rosemalarkurs saman med denne allsidige kunstnaren vår. Sidan den gongen hadde Uskedalen og skeia på biletet vore med henne.

Dette syntest Anja var så vakkert at ho ville dela denne fine historia med oss.

For dei som ikkje kjenner til Torger Helgeland, nemner vi at han var kjend som ein allsidig, hjelpsom og flink kunstnar og kunsthandverkar her frå bygda. Han var bror til Inger Elise Helgeland som bur i Øvre Halsane. Han omkom dessverre ved ei tragisk ulykke for ein god del år sidan.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Anja Strüter